



Haugland-jegarane slaktar eit tidlegare år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Førebels har jaktlaget på Haugland-valdet skote 13 hjortar av ein kvote på 20, opplyser jaktleiar Lars Haugland. 6 av hjortane vart felte allereie i sommar som ein ekstrakvote med skadedyr. Det har vore særleg mykje skade på innmark i Haugland sitt område og jaktvaldet har sendt kommunen ein bestandsplan som går ut på felling av omlag 28 dyr dei næraste tre åra..

Lars Haugland er optimist med omsyn til å få auka kvoten til 28 allereie under jakta som pågår no. Det kan skje også som eit resultat av den justering av minstearealet som er på gang. Det er ei sak som skal opp i forvaltningsstyret 30. september, har Haugland fått opplyst i kommunen.

Dette valdet har eit teljande hjortearreal på knapt 5.000 dekar fordelt på 14 eigedomar.

Under jakta som no pågår er det altså førebels skote 7 hjortar på Haugland-området utan at jegarane så langt har lagt mykje arbeid i det.

Fire av dei sju dyra er felt på det store området nedafor kalkdoseraren. Det har lenge vore eit svært populært beiteområde for hjorten.

Av Ola Matti Mathisen